



Det er godt håp om aktivitet på Stemneplassen att.

Etter opne møte, årsmøte og styremøte i Uskedal Friluftslag er det lagt eit grunnlag for ny innsats for Stemneplassen.

Styret og oppgåver:

Leiar og kasserar: Ove Magne Myhre
 Nestleiar: Tormod Myklebust
 Skrivar: Kristian Olav Bringedal
 Styrelemer: Selma Eik og Johannes Feet

Styret vil:

- * Ta vare på plassen slik det er formulert i gåvebrevet frå Wilhelm Bjelland.
- * Skapa aktivitetar på plassen og marknadsføra møterommet for utleige
- * Rydda og tynna i skogen
- * Jobba vidare med å tetta betongplata
- * Leggja eit grunnlag for å betra økonomien

Det vert krevt inn årsspengar frå medlemslaga,- kr. 500,-

kr. 1.000,- for dei som og vil bruka møterommet.

Leige av møterommet elles: kr. 300,-

Det vert arbeidd med å skipa til ein friluftskonsert i juni månad. Dersom det er interesse for det, vert det skipa til Olsok tysdag 29. juli med bål og aktivitetar for born og vaksne.

Styret er godt nøgd med dugnaden før 17. mai,- det same med markeringa på sjølve nasjonaldagen.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto/nett: Thor Inge Døssland